



Preses Olav Fykse Tveit:

Helsing til biskop Olav Øygard

ved avslutta teneste i Nord-Hålogaland

Tromsø, 17. august 2025

Når vi i dag markerer at Olav Øygard avsluttar si teneste som biskop i Nord-Hålogaland, er det ein epoke i bispedømmet og kyrkja vår som er over. Aller mest er det slik for deg, biskop Olav, som har hatt 40 års teneste her som prest, prost og biskop.

Dette er difor ein milepæl for kyrkja vår, og for biskopane som kollegium. Takk for stor, trufast og allsidig arbeidsinnsats for Guds kyrkje her i den nordlegaste delen av landet vår. Du har ved den nåde Gud har gjeve deg følgt dei lovnader du gav ved din presteordinasjon og då du vart vigsla til biskop, og det har vorte til stor velsigning for mange. I dag takkar vi Gud for fruktene av ditt arbeid.

Å vere prest, prost og biskop handlar først og fremst å gjere eit arbeid. Dei som trur at å vere biskop er å vere ein gallionsfigur, kjenner ikkje biskop Olav Øygard. Mange timer og mange dagar, med kveldar og netter, har du vore her for å gjere det du skulle, for å vere ein god arbeidsleiar for prostar og prestar, og for å sjå til alle dine medarbeidarar. Det gjeld alle tilsatte, frivillige og dei som er valde til ulike styringsoppgåver.

Du har vore ein arbeidshest, med stor kapasitet og styrke. Du har vist at biskopens tilsyn handlar ikkje minst om å sjå kva som skal gjerast, og å sjå dei som skal gjere det og sjå kva råd og støtte dei treng for å få fylt oppgåvene sine rundt omkring i bispedømmet.

Svært ofte når vi snakkar saman er du på eit slikt oppdrag, eller har nettopp vore det. Og du fortel om menneska du har møtt, ikkje så mykje om deg sjølv. Du kan som kjent fortelje dei gode historier. Oftast handla det likevel om kva du hadde sett og di forståing av korleis livet er for dei andre. Du har sett urett og reagert. Du har sett alle med bønas blikk, og slik har gjort det du har lova: å be for kyrkjelydane og medarbeidarane dine, for alle som treng det. Det er ikkje underleg at svært mange har eit nært og trygt forhold til deg.

Du har vore ein biskop for kyrkjelydane, og for folk i vidare forstand. Du har sett «hele den hjord som er deg betrodd», som det heitte då du vart vigsla. Du har sett og haldt deg til at det er ulike menneske, og ulike flokkar, på mange vis. Det gjeld ulike retningar og grupper i den kyrklelege hjorden, som har formidlar bodskapen på ulike måtar.

Ditt sterke engasjement for det Guds mangfald vi er skapte til, har vist seg særleg tydeleg i ditt engasjement for samefolket og for kvener. Dette har på di vakt kulminert i arbeidet med rapporten om såra av fornorskinga. Du har også arbeidd for at vi andre i heile landet og kyrkja skal forstå meir kva det handlar om, og korleis vi kan arbeide for forsoning på kort og lang sikt. Du har heile tida i dine arbeidsår her fremma og sjølv delteke i samisk kyrkjeliv. Du har støtta nye initiativ for det – og for å få fram kvensk kyrkjeliv i kyrkja vår.

Du har tatt på alvor som biskop at vi er medmenneske med ulike kjønn og legning, og at du som biskop skal vere med på å feire dette mangfaldet og legge til rette for at kyrkja skal vere eit trygt rom for alle å vere i og arbeide i.

Og du veit personleg vel at vi har fått ulik utrustning og funksjonsnivå. Men du har vore svært tydeleg på at vi alle er heile menneske, skapte i Guds bilet, og at kyrkja skal få fram det biletet hjå alle gjennom vår teneste som kyrkje. Ditt engasjement i så måte har gjort stort inntrykk på meg og mange med meg.

Å arbeide med truskap gjeld ikkje berre at du har gjort det du skulle, men at du også har gjort det med truskap mot den treeinige Gud som har kalla deg, og til den bodskapen og dei verdiane du skulle forvalte og bruke. Du har vist at denne truskapen mot Guds ord og vilje skal og kan vise seg i at menneske får møte Guds nåde og kjærleik. Det gjeld både i det dei høyrer og det dei kjenner på kroppen, gjennom det vi gjer som kyrkje. Du har fått oss til å halde fast på at diakoni ikkje berre er ei praktisk oppgåve, det er å formidle Guds gode vilje og evangeliet i praksis. Det gjeld dei som treng det mest, og ofte dei som ikkje dei som er mest sett.

Du har vunne tillit, ikkje minst på grunn av din integritet. Du er lett på fot, bokstavleg tala, men du er ikkje lettbeint eller tar lettvinnt på viktige ting. Du er rett og slett stødig og klok, og har vist at du forstår og vil forstå andre. Du kan både stå for noko og vere balansert. Det viser du i din måte å handtere utfordringar og spenningar i kyrkja på. Du også latt ny innsikt mognast til ny erkjenning. Det er også eit uttrykk for at du sokjer integritet, og er tru mot kallet og dei du skal tene og samarbeide med.

Det er ikkje du som alltid kjem med dine synspunkt først, men når du har noko på hjarta, gjer alle klokt i å høyre godt etter. Det har eg opplevd ofte i Bispemøtet og i Kyrkjemøtet.

Og det du ofte har på hjarta, er uttrykk for din kjærleik til og ansvar for kyrkjas liv her i nord. Stundom har du måtte ta litt i for at andre lenger sør skal sjå kor rikt det er i sitt mangfold, men også kva som er dei spesielle utfordringane her. Du har vist oss at det gjeld det store fellesskapet i kyrkja, i samfunnet og i nasjonen vår, ja også utover det. Det gjorde du til dømes då heile bispekollegiet var på ei vekes studietur i Aust-Finnmark. Personleg har eg lært svært mykje av deg dei siste åra når du har opna dører til ulike menneske, kulturar og folk.

Du ha vore biskop i 11 år. Du har stayer-evne, men også ein evne til å gå vidare, glad til sinns. Det du høyrer i dag, skal du ta med deg. Og det som lyder ved vår dåp, gjeld ikkje minst på dagar som dette:

Gud velsigne og vare din utgang og din inngang, frå no og til evig tid!